

**Notat**Dato: 04.07.2014  
Arkivsak: 2014/16981-9  
Saksbehandlar: torslin

---

**Til:** Liv Sundheim  

---

**Frå:** Tore Slinning og Gunnbjørg Austrheim  

---

**Høyring på planprogram for kommunedelplan for Sysendalen - Eidfjord kommune - Kulturminnefagleg fråsegn**

Hordaland fylkeskommune er kjent med at reiselivsnæringa er eit satsingsområde i Eidfjord kommune, og det er peika på at ei utvikling av Sysendalen er viktig for resten av næringslivet i kommunen. I det vidare planarbeidet bør kommunen setje fokus på kulturminne og kulturlandskap som ein ressurs som må sikrast. I denne fjelldalen er terrenget vidt og ope med store landskapsrom, og kulturminne og kulturlandskap blir lett eksponert og er sårbare for ei ytterlegare utbygging.

Frå regionale styresmakter er det tidlegare peika på at i samband med vidare utbygging i Sysendalen, må ein dokumentere at det er tatt omsyn til viktige arealinteresser som landskap, friluftsliv og biologisk mangfald m.m. Som del av verdisetjing av nasjonale, regionale og lokale samfunnsinteresser i området, må kulturminneinteressene kartleggjast og synleggjerast. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Eksempelvis vil ei vurdering av verneverdien av dei SEFRAK-registrerte bygningane innafor området, både som enkelte kulturminne eller som del av eit kulturmiljø, vere naudsynt for å stadfeste om nokon av desse bør vernast og sikrast, og kva slags tiltak som er akseptabelt i nærleiken. Ei slik felles forståing er viktig for oppnå ei tilpassa og balansert utbygging av Sysendalen.

Sysendalen er svært rik på kulturminne frå ein omfattande produksjon av jern i eldre- og yngre jernalder og mellomalder, og alle dalsidene har stort potensiale for funn av hittil uregistrerte kulturminne knytt denne verksemda. I samband med eit så omfangsrikt utviklingsprosjekt, må ein ta høgde for arkeologiske registreringar av aktuelle areal for traseane og tilstøytande tiltaksområder. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen. Vi vil be Eidfjord kommune ta kontakt for å samrå om omfang med tanke på kva areal som er mest aktuelle, og når dette arbeidet kan gjennomførast.

Planproduktet, spesielt arealplankartet og føresegner/retningslinjer, bør vere konkret og oversiktleg slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteresser. Det bør takast stilling til korleis kulturminne og kulturmiljø skal visast i arealplanen. Freda kulturminne må visast på plankart som

bandlagt areal. Vi vil rå kommunen til å bruke dei databasane og kjeldene som er tilgjengeleg for å få oversikt over arealdisponering i høve til kjende kulturminne. Her kan nemnast Riksantikvaren sin database «Askeladden» når det gjeld automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne og listeførte kyrkjer/gravplassar, samt SEFRAK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar. Tiltak som kjem i konflikt med kulturminne av nasjonal tyding må unngåast og kan gje grunn til motsegn frå Hordaland fylkeskommune. Vi vil rå til at arealplankart og føresegner vert send til Hordaland fylkeskommune for ei uformell høyring før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Det er på dette stadiet det er enklast å rydde vekk unødige konfliktrar, slik at vidare politisk handsaming kan ta utgangspunkt i ei reell vekting av dei ulike interessene.